


For tilsette

Logg på med ny Telemark-brukar


Når du har sett opp tofaktorautentisering skal du starta opp PC-en din og logga deg på.

Slik gjer du det:


1. Slå på PC-en
2. Sjekk at Noreg er valt som land når vegvisaren kjem opp før du går vidare



3. Kople pc-en til heimenettverket ditt. Sit du på ein skule eller verksemd, vel du nettverket VTONBOARD. *Passord kjem*




4. Logg deg på med den nye adressa di. Du treng berre bytte ut @vtfk med @telemarkfylke: fornamn.etternamn@telemarkfylke.no




5. Bruk det passordet du sat når du aktiverte kontoen din.

6. La PC-en jobba medan han blir konfigurert




7. Stadfest identiteten din med tofaktorautentisering
8. Klikk «Neste» to ganger etter kvarandre
9. Skriv nummeret som dukkar opp på PC-en i Authenticator-appen på mobilen din
10. Logg deg på med ny Telemark-brukar, og la PC-en jobba nokre minutt medan Office-programma kjem inn på skrivebordet ditt






Windows Hello


1. Når PC-en din ber deg om å setja opp Windows Hello, gjer det det ved å gå gjennom vegvisaren




2. Stadfest identiteten din med tofaktorautentisering



3. Lag deg ein pinkode med 6 tal. Pinkoden kan nyttast i staden for passord når du seinare skal logga deg på PC-en som eit alternativ til ansiktsgjenkjenning med Windows Hello



Manglar du nokon program? Då kan du lasta dei ned sjølv via Firmaportalen som du finn ved å trykkja på Windows-tasten og byrja å skriva «Firmaportal».



Gå til Innsida for meir informasjon om korleis du hentar fram innhaldet ditt: [Dette må du hugsa på etter ferien \(i ny fylkeskommune\) \(sharepoint.com\)](#)

Står du fast? Ta kontakt med den lokale servicedesken din.